

# Barne- og ungdomslitteratur i Norge 2003 Statistikk

**S**tatistikken over bokutgivingar for barn og unge er utarbeidd av biblioteket ved Norsk barnebokinstitutt. Biblioteket har òg sett opp eit oversyn over årleg bibliotekutlån pr. barn i Skandinavia, og eit oversyn i tal over innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og faglitteratur for barn og unge.

Statistikken dekkjer 2003. Då redaksjonen avslutta arbeidet, var tala for 2004 ikkje fullstendige nok til å danne grunnlag for ein årsstatistikk. Kolonnane for 1990, 2001 og 2002 gir perspektiv til tala frå 2003. I tidlegare årbøker vil ein kunne finne statistikkar for åra f.o.m. 1996.

Bakgrunnsmaterialet for statistikken er i hovudsak NBIs eiga boksamling, som er registrert i ein eigen database (tilgjengeleg frå [www.barnebokinstituttet.no](http://www.barnebokinstituttet.no)). I tillegg er det nytta ei utskrift frå Nasjonalbibliografien og ulike forlagskatalogar i tilfelle der NBI kjenner til utgivingane, men ikkje hadde dei med i samlinga si pr. 1.12.2004.

Utgivingsstatistikken viser talet på bøker for barn og ungdom på norsk og samisk utgitt i Norge eller av utanlandske forlag på norsk. Statistikken omfattar nye utgåver av tidlegare utgivingar, men ikkje reine opptrykk. Fagbøker for barn inkluderer ikkje skolebøker.


NBIs statistikk omfattar utgivingar som ikkje er tilgjengelege via bokhandlar, til dømes bokklubbutgivingar (m.a. Go'boken, Tuppen og Lillemor og Penny-klubben) og utgivingar frå dei religiøse forlaga som ikkje blir distribuerte gjennom det ordinære bokhandlernettet. Desse bokklubbane og summe av dei religiøse forlaga har ein stor andel omsetjingar mellom utgivingane sine. Av den grunnen vil NBIs statistikk kunne vise høgare tal for omsetjingar, særskilt frå engelsk språkområde, enn det andre statistikkar gjer.

NBIs statistikk over barne- og ungdomsbokutgivingar i Norge skil seg frå Bransjestatistikken til Den norske Forleggerforeningen, som berre omfattar utgivingar frå medlemsforlaga. Den skil seg òg frå Norsk bokfortegnelse som inkluderer reine opptrykk i årsoversiktene sine. Faglitteratur for barn og unge er der plassert blant faglitteratur for vaksne, slik at det berre er skjønnlitterære utgivingar ein finn i Bokfortegnelsen sitt oversyn over barne- og ungdomslitteratur.

Barne- og ungdomslitteratur fordelt etter sjangrar  
1990, 2001, 2002 og 2003

SJANGER/ÅR	1990	2001	2002	2003
Antologiar	6	7	12	15
Biletbøker	185	165	179	145
Dramatikk	1	2	1	0
Eventyr	11	10	9	4
Fagbøker	102	226	203	153
Lyrikk	3	10	5	4
Romanar	311	294	331	372
Songbøker	2	4	1	3
Sp. brukargr.*	3	0	1	0
Totalt	624	718	742	696
Samisk litteratur	6	3	25	7

\* Bøker for spesielle brukargrupper: «følebøker», bøker med blindeskrift og teiknspråk



Norsk og omsett litteratur 2002  
– fordelt på nye og tidlegare utgitte tekstar

SJANGER	NORSK		OMSETT		TOTALT
	Nytt	Tidl. utgitt	Nytt	Tidl. utgitt	
Antologiar	3	0	9	0	12
Biletbøker	51	9	108	11	179
Dramatikk	1	0	0	0	1
Eventyr	2	0	6	0	9
Fagbøker	59	1	143	0	203
Lyrikk	5	0	0	0	5
Romanar	106	20	140	65	331
Songbøker	1	0	0	0	1
Sp. brukargr.	1	0	0	0	1
Totalt	230	30	406	76	742

Omsetjingar fordele på originalspråk 2002

	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Icelandsk	Italiensk	Nederlandsk	Persisk	Polsk	Samisk	Spansk	Svensk	Tysk	Fleirspråkleg
Antologiar		1												8
Biletbøker	4	87	3	3			3	3	2		11	3		
Dramatikk														
Eventyr	3			1				1	1					1
Fagbøker	2	113		4						1	19	4		
Lyrikk														
Romanar	13	117		10	1	4	1	1		1	45	12		
Songbøker														
Sp. brukargr.									2	3	3	2	75	19
Totalt	22	318	3	18	1	4	4	2	3	3	2	75	19	9

For statistikk 1990, sjå Årboka Litteratur for barn og unge 1998

For statistikk 1996–2002, sjå tidlegare årbøker

Norsk og omsett litteratur 2003  
– fordelt på nye og tidlegare utgitte tekstar

SJANGER	NORSK		OMSETT		TOTALT
	Nytt	Tidl. utgitt	Nytt	Tidl. utgitt	
Antologiar	7	0	8	0	15
Biletbøker	39	7	85	14	145
Dramatikk	0	0	0	0	0
Eventyr	0	0	4	0	4
Fagbøker	59	4	84	6	153
Lyrikk	2	0	2	0	4
Romanar	116	44	135	77	372
Songbøker	3	0	0	0	3
Sp. brukargr.	1	0	0	0	0
Totalt	226	55	318	97	696

For statistikk 1990, sjå Årboka Litteratur for barn og unge 1998

For statistikk 1996–2002, sjå tidlegare årbøker

Omsetjingar fordele på originalspråk 2003

	Dansk	Engelsk	Finsk	Fransk	Icelandsk	Italiensk	Japansk	Nederlandsk	Spansk	Svensk	Tysk	Fleirspråkleg
Antologiar		1								1	2	4
Biletbøker	2	51	2	12			1	2	27	2		
Dramatikk												
Eventyr										4		
Fagbøker	1	71		7	1		3	1	5	1		
Lyrikk												
Romanar	14	130		2	2			1	48	15		
Songbøker												
Sp. brukargr.												
Totalt	17	254	2	21	3	1	5	2	85	20	4	

## Faglitteratur for barn og unge fordelt etter emne

	1990	2001	2002	2003
Generelle skrifter	1	3	4	2
Filosofi	2	4	2	4
Religion	21	52	33	28
Samfunnskunnskap, -orientering	7	7	5	10
Språk	1	3	1	4
Naturvitenskap. Økologi	33	44	42	32
Praktisk vitskap. Oppfinningar	13	31	31	20
Kunst (inkl. hobbybøker)	17	45	33	22
Litteratur	0	0	0	1
Geografi og historie	7	37	52	30
Totalt	102	226	203	153

Det totale utgivingstalet for 2003 er lågare enn for 2002 (696 i 2003 mot 742 i 2002). Talet på fagbøker og biletbøker for barn er gått ein del ned, medan talet på romanar er gått opp.

Nedgangen i talet på fagbøker kjem først og fremst av ein nedgang i talet på omsette fagbøker (90 i 2003 mot 143 i 2002). Nedgangen i talet på biletbøker er ikkje så stor som for fagbøker, men gjeld både for norske og omsette bøker.

Romanutgivingane følgjer den same utviklinga som vi såg i 2002, med eit uvanleg høgt tal for tidlegare omsette titler. Auken er i tillegg størst for dei norske romanane (44 norske nyutgivingar i 2003 mot 20 i 2002).

Den omsette litteraturen skaper framleis dei største svingningane i utgivingsstatistikken over norsk barne- og ungdomslitteratur. Talet for norske utgivingar har auka frå 260 i 2002 til 281 i 2003. Det store antalet nyutgivingar av romanar skjuler nedgangen i antalet biletbøker og bøker i andre sjangrar, som lyrikk og eventyr. Den same tendensen gjeld for dei omsette bøkene.

Nedgangen i omsette faglitteratur kan mellom anna kome av fleire store serieutgivingar i 2002, slik at det er for tidleg å slå fast om dette er ei ny utvikling.

Oversynet over norsk og omsett litteratur er delt opp i nye og tidlegare utgitte tekstar. Nye opplag er ikkje med i statistikken, så

«tidlegare utgitte tekster» vil seie nye utgåver av tekstar som er utgitt før. Denne delinga gir ei oversikt over kva slag tekstar som kjem i nye utgåver: Først og fremst romanar, men etter kvart også ein del biletbøker. Fagbøker er også begynt å kome i nye utgåver; 10 av dei 153 fagbøkene som er registrerte for 2003 har vore utgitt tidlegare.

## Samla bokutlån til barn i folke- og skolebibliotek – tal på bøker per barn

Land	1990	2001	2002	2003
Norge	16,9	15	13,4	14,3
Sverige*	21,1	21,1	20,5	17,4
Danmark	68,9	59,3	53,9	63,4

### Kjelder:

Norge: Årsmelding og Årbok frå Statens bibliotektilsyn, Bibliotekstatistikk frå ABM

Sverige: Svenska barnboksinstitutet

Danmark: Center for Børnelitteratur

\* Tal t.o.m. 2002 gjeld for barn opp til 12 år, frå 2003 barn opp til 14 år

## Innkjøpsordningane for ny norsk skjønnlitteratur og faglitteratur for barn og unge

Norsk kulturfond blei oppretta i 1965 for å finansiere ny norsk skjønnlitteratur gjennom ei eiga innkjøpsordning. For barne- og ungdomslitteratur inneber ordninga at Norsk kulturråd kvart år kjøper inn bøker i 550 eksemplar. Desse går til folke- og skolebiblioteka, og dei kjem i tillegg til dei bøkene som biblioteka sjølve vel å kjøpe inn. Faglitteratur var opphavleg ikkje med i innkjøpsordninga, men etter eit treårig prøveprosjekt (1996–1998) blei ordninga gjort permanent også for norsk faglitteratur for barn.

Skjønnlitteratur	1990	2001	2002	2003
<b>Andre utgivinger*</b>	<b>194</b>	<b>151</b>	<b>171</b>	<b>167</b>
Påmeldte	119	116	120	119
Innkjøpte	97	104	114	111

Faglitteratur	1990	2001	2002	2003
<b>Andre utgivinger*</b>	<b>21</b>	<b>63</b>	<b>59</b>	<b>59</b>
Påmeldte		26	34	34
Innkjøpte		13	16	19

Kjelder for innkjøpsordninga: Norsk kulturråd

\* Dette er tal fra Norsk børnebokinstitutts statistikk. For 1990 er det teke med nye utgåver (men ikkje nye opplag) av tidlegare utgitte bøker. Frå og med 2000 er tidlegare utgitte tekstar ikkje inkludert.